

# Eksamen

14.11.2018

AMB2001 Grunnleggjande helsefag / Grunnleggende helsefag

**Programområde:** Ambulansefag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	I vurderinga vil det bli lagt vekt på følgande:  Låg kompetanse: <ul style="list-style-type: none"><li>• kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva, men i liten grad grunngi kvifor</li><li>• trekkjer i ein viss grad inn aktuelle fagområde</li><li>• viser i ein viss grad kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>• oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>• bruker i ein viss grad korrekt fagterminologi</li><li>• har ei viss form for struktur i eksamenssvaret</li></ul> God kompetanse: <ul style="list-style-type: none"><li>• kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva og grunngi kvifor</li><li>• trekkjer inn aktuelle fagområde i grunngjevinga</li><li>• viser innsikt og fagleg forståing</li><li>• viser god kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>• bruker korrekt fagterminologi</li><li>• oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>• har god struktur i eksamenssvaret</li></ul> Høg kompetanse: <ul style="list-style-type: none"><li>• kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva på ein god og utfyllande måte og grunngjev svara godt og utfyllande</li><li>• trekkjer inn og drøftar aktuelle fagområde i grunngivinga</li><li>• viser mykje god kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>• oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>• bruker korrekt fagterminologi konsekvent</li><li>• ser heilskapen mellom teori og praksis</li><li>• viser god evne til refleksjon</li><li>• byggjer opp eksamenssvaret på ein svært strukturert og oversiktleg måte</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.

## Situasjonsbeskriving

Du er på kveldsvakt som lærling. Klokkeren 21.00 får de eit oppdrag med køyrekode GUL (Kode 2).

Oppdraget gjeld ein mann på 72 år som dei siste timane gradvis har fått auka pustevanskar. Han er no sliten og medteken, ifølge kona som har ringt.

Når de kjem fram til pasienten, finn de han sittande i sofaen, framoverlent over bordet med armene som støtte. Han er litt uroleg, pustar raskt og svarar kun med heilt korte setningar.

Kona opplyser at han har hatt KOLS i fleire år. Han brukar inhalasjonsmedisinar fast, men desse har no hatt liten effekt. Kona kan opplyse at han fleire gonger tidlegare har vore innlagt med KOLS-forverring og pneumoni. Han har ingen andre kjende sjukdomar.

### Funn:

Luftveggar: frie/opne

Respirasjon: rask, og ein kan observere bruk av hjelpemuskulatur samt produktiv hoste. Ved auskultasjon kan ein høyre "pipe- og knatrelyder" utover normal respirasjonslyd.

Puls radialis: noko rask og regelmessig med normal fylde.  
Hud: litt cyanotisk på lepar og fuktig i huda.

### Vitalia:

Respirasjon: frekvens 24 og SpO<sub>2</sub> 87%  
Puls: 110/min regelmessig  
Blodtrykk: 140/85  
Temp.: 37,5

Allergi for katt og hund.

Faste medisinar: inhalasjonsaerosol med Atrovent og Ventoline. Ifølge kona har han fleire gonger tidlegare teke Kortison tablettar, men han gjer ikkje det no.

Pasienten har hatt nedsett matlyst dei siste to dagene, og har derfor drukke og ete lite. Siste matinntak var for tre timar sidan. Åt då ei halv skive brød med pålegg og drakk ein kopp kaffe.

Kona ser ut til å vere engsteleg og stressa. Hun seier at ho ofte søv dårleg om natta fordi han treng hjelp, og ho er derfor svært sliten. Kona seier også at pusteproblema til mannen vert stadig verre, og ho er svært bekymra for han.

## Oppgave 1

Respirasjonsfysiologi

- a) Beskriv korleis normal gassutveksling foregår i lungene.
- b) Gjer greie for sannsynlege årsaker og mekanismar knytta til funna du har fått oppgjevne i casen som er knytta til respirasjonsproblemet til denne pasienten.

## Oppgave 2

Sirkulasjonsfysiologi

- a) Beskriv hjartet sin oppbygning og funksjon. Samt det vesle- og store kringlaupet.
- b) Mannen i casen har noko rask puls. Forklar sannsynlege årsaker og mekanismar knytta til dette.

## Oppgave 3

Medikament

- a) Forklar kvifor medikamenta til denne pasienten vert administrert ved hjelp av aerosol/inhalasjon.
- b) Nemn tre andre måtar medikament kan administrerast på.

## Oppgave 4

Hygiene

Pasienten i casen har produktiv hoste. Beskriv korleis du vil forebyggje smittespreiing i dette oppdraget.

## Oppgave 5

Regelverk

Det er fleire aktuelle lover og forskrifter som regulerer ditt arbeid som ambulansesarbeidar. Paragraf 4 i helsepersonellova er ein av dei viktigaste paragrafane du må kjenne til. Kva handler denne paragrafen om?

## Oppgave 6

Omsorg, kommunikasjon og profesjonalitet

Pasienten er medteken og orkar kun å svare i korte setningar, ektefellen er engsteleg og sliten. Beskriv kort korleis du vil ivareta omsorg for dei begge i samband med oppdraget.

# Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I vurderingen vil det bli lagt vekt på følgende:</p> <p>Lav kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven, men i liten grad begrunne hvorfor</li><li>• Trekker i en viss grad inn aktuelle fagområder</li><li>• Viser i en viss grad kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>• Anvender til en viss grad korrekt fagterminologi</li><li>• Har en viss form for struktur i besvarelsen</li></ul> <p>God kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven og begrunne hvorfor</li><li>• Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>• Viser innsikt og faglig forståelse</li><li>• Viser god kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>• Anvender korrekt fagterminologi</li><li>• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>• Har god struktur i besvarelsen</li></ul> <p>Høy kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven på en god og utfyllende måte og gir gode og utfyllende begrunnelser</li><li>• Trekker inn og drøfter aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>• Viser meget god kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>• Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>• Anvender korrekt fagterminologi konsekvent</li><li>• Ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis</li><li>• Viser meget god evne til refleksjon</li><li>• Bygger opp besvarelsen på en meget strukturert og oversiktlig måte</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.

## Situasjonsbeskrivelse

Du er på kveldsvakt som lærling. Klokken 21.00 får dere et oppdrag med kjørekode GUL (Kode 2).

Oppdraget gjelder en mann på 72 år som de siste timene gradvis har fått tiltagende pustebesvær. Han er nå sliten og medtatt, ifølge kona som har ringt.

Når dere ankommer pasienten, finner dere ham sittende i sofaen, fremoverlent over bordet med armene som støtte. Han er noe urolig, puster raskt og svarer kun med helt korte setninger.

Kona opplyser at han har hatt KOLS i flere år. Han benytter inhalasjonsmedisiner fast, men disse har nå hatt liten effekt. Kona kan opplyse at han flere ganger tidligere har vært innlagt med KOLS-forverring og pneumoni. Han har ingen andre kjente sykdommer.

### **Funn:**

Luftveier: frie/åpne

Respirasjon: rask og det observeres bruk av hjelpemuskulatur samt produktiv hoste. Ved auskultasjon høres "pipe- og knatrelyder" utover normal respirasjonslyd.

Puls radialis: noe rask og regelmessig med normal fylde

Hud: noe cyanotisk på lepper og fuktig i huden.

### **Vitalia:**

Respirasjon: frekvens 24 og SpO2 87%

Puls: 110/min regelmessig

Blodtrykk: 140/85

Temp.: 37,5

Allergi for katt og hund.

Faste medisiner: inhalasjonsaerosol med Atrovent og Ventoline. Ifølge kona har han flere ganger tidligere benyttet Kortison tabletter, men han gjør ikke det nå.

Pasienten har hatt nedsatt matlyst de sist to dager, og har derfor drukket og spist lite. Siste matinntak var for tre timer siden. Spiste da en halv skive brød med pålegg og drakk en kopp kaffe.

Kona ser ut til å være engstelig og stresset. Hun sier at hun ofte sover dårlig om natten fordi han trenger hjelp, hun er derfor svært sliten. Kona sier også at mannens pusteproblemer blir stadig verre, og hun er svært bekymret for ham.

## Oppgave 1

Respirasjonsfysiologi

- a) Beskriv hvordan normal gassutveksling foregår i lungene.
- b) Gjør rede for sannsynlige årsaker og mekanismer knyttet til funnene du har fått oppgitt i casen som er knyttet til denne pasientens respirasjonsproblem.

## Oppgave 2

Sirkulasjonsfysiologi

- a) Beskriv hjertets oppbygning og funksjon. Samt det lille- og store kretsløpet.
- b) Mannen i casen har noe rask puls. Forklar sannsynlige årsaker og mekanismer knyttet til dette.

## Oppgave 3

Medikamenter

- a) Forklar hvorfor denne pasientens medikamenter administreres ved hjelp av aerosol/inhalasjon.
- b) Nevn tre andre måter medikamenter kan administreres på.

## Oppgave 4

Hygiene

Pasienten i casen har produktiv hoste. Beskriv hvordan du vil forebygge smittespredning i dette oppdraget.



## Oppgave 5

Regelverk

Det er flere aktuelle lover og forskrifter som regulerer ditt arbeid som ambulansesarbeider. Paragraf 4 i helsepersonelloven er en av de viktigste paragrafer du må kjenne til. Hva omhandler denne paragrafen?

## Oppgave 6

Omsorg, kommunikasjon og profesjonalitet

Pasienten er medtatt og orker kun å svare i korte setninger, ektefellen er engstelig og sliten. Beskriv kort hvordan du vil ivareta omsorg for dem begge i forbindelse med oppdraget.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)